
Saksnr: 2021/21859-1
Saksbehandlar: Karl Viken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Årsmelding Vestland fylkeskommune 2020

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2020 Vestland fylkeskommune» til orientering.

Samandrag

Årsmeldinga gjev oversyn over Vestland fylkeskommune sin aktivitet gjennom året og rekneskapen for 2020.

Året 2020 var prega av at det var det fyrste driftsåret for Vestland fylkeskommune og pandemien som slo inn frå midten av mars 2020.

Driftsrekneskapen for 2020 vart gjort opp med eit mindreforbruk på 215,8 mill. kr som i samsvar med ny kommunelov er sett av på disposisjonsfond.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Årsmelding Vestland fylkeskommune 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Årsmeldinga for Vestland fylkeskommune gjev eit samla økonomisk oversyn over drift og investeringar og utfyllande omtale av aktivitetar i kvar sektor.

Driftsrekneskapen for 2020 vart gjort opp med eit mindreforbruk på 215,8 mill. kr. Dette er oppnådd gjennom færre fysiske møte, mindre reising og innsparing i drifta elles. I tillegg fekk ein statstilskot til nullutsleppsdrift av ferjer, midlar frå havbruksfondet og statlege kompensasjonsmidlar for utslag av pandemien.

Vestland fylkeskommune sine samla brutto driftsutgifter i 2020 var på 12 650 mill. kr, medan samla driftsinntekter var 14 537,0 mill. kr. Til avdrag på lån brukte fylkeskommunen 617,4 mill. kr i 2020 og netto renteutgifter var på 188,4 mill. kr.

Netto driftsresultat i 2020 vart 7,4% - noko over det tilrådde nivået på 4 %. Førebels tal for alle fylkeskommunane samla viser netto driftsresultat på 5,4% i 2020.

Det systematiske arbeidet for å oppnå god økonomistyring i dei tidlegare fylkeskommunane og snu negativ driftsutvikling der det er nødvendig, har halde fram i Vestland fylkeskommune. Gjennomgåande i organisasjonen er det godt samsvar mellom forbruk og tildelt budsjett.

Fylkeskommunen investerte i 2020 for 4 889,5 mill. kr. Sektorane Infrastruktur og veg og Mobilitet og kollektiv stod for om lag 4 mrd. kr av investeringane. På grunn av seinka framdrift for nokre prosjekt, vart det investert knapt 1 mrd. kr mindre enn det som var budsjettert.

Bompengar og tilskot var dei største finansieringskjeldene for investeringane med 2,3 mrd. kr. Nye lån i 2020 var på 1 030 mill. kr. Ved siste årsskifte var fylkeskommunen si gjeld knapt 14,3 mrd. kr.

I 2020 vart det utført 5 394 årsverk i fylkeskommunen, der opplæringssektoren er størst med 3 609 årsverk.

Aktivitetar og resultat 2020

Året 2020 var prega av at det var fyrste driftsåret for Vestland fylkeskommune og særleg pandemien som slo inn frå midten av mars førde til store endringar i arbeidsmåte og arbeidsformer. Organisasjonen viste rask omstillingsevne og trass i utfordringane pandemien førde med seg, vart det leverte gode tenester innan alle ansvarsområda.

Fylkesrådmannen viser her til dei sektorviser oversyna i årsmeldinga som er lagt ved saka. Årsrekneskapen for 2020 med revisjonsmelding vert lagt fram i eiga sak til fylkestinget i juni.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett

Klima: Årsmeldinga føreligg elektronisk, vert berre trykt i nokre få eksemplar.

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Om årsmeldinga

I samsvar med Kommunelova § 14-7. vart Vestland fylkeskommune si årsmelding for 2020 klar og oversendt til kontrollutvalet (sekretariat og revisjon) innan fristen 31. mars 2021.

Fylkeskommunen si årsmelding for 2020 føreligg elektronisk, som pdf-fil (vedlagt), og den kan lesast på nettsidene til Vestland fylkeskommune.